



Fitjar kommune

- ordførar
- rådmann

5418 FITJAR

17.12.2018

[fitjar@fitjar.kommune.no](mailto:fitjar@fitjar.kommune.no)

## SKULESTRUKTUR - KOMMUNEPLAN ØKONOMIPLAN OG BUDSJETT

Landslaget for nærmiljøskulen (LUFSS) arbeider med denne saka på oppdrag frå Foreldrerådet (FAU) ved Selevik skule, Foreldrerådet (FAU) ved Øvrebygda skule, Dåfjorden Velforening og Øvrebygda Vel - jf. Forvaltingslova §12. Sjå vedlegg 1-4.

- Fitjar kommunestyre skal 19.12.2018 handsame sak PS 67/18 Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
  - formannskapet tilrår 05.12.2018 å leggje ned
    - 7.steget ved Selevik skule frå 01.08.2019
    - 7.steget ved Øvrebygda skule frå 01.08.2019
    - 1.-6 steget ved Øvrebygda skule frå 01.08.2020
    - 5.-6. steget ved Selevik skule frå 01.08.2020

LUFSS registrerer at Fitjar kommunestyre, ved handsaminga av kommunen sine budsjettokument, då samstundes er bedne om å ta stilling til framlegg som vil endre skulestrukturen.

Men lover og regelverk set klare rettsreglar for korleis slike struktur-endringar skal handsamast: Ved kommunal forskrift. (sjå pkt. B nedanfor)

Andre framgangsmåtar - som til dømes budsjettvedtak - er dermed lovstridige.

- LUFSS krev no derfor at
  - midlar som er "tenkt innspart" ved å føregripe ei ev. endring i skulestrukturen – jf. innstillinga – må takast inn att i Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
  - ordlyd i tekst-delen av budsjett-saka, som føreset eit visst utfall av eit eventuelt, framtidig struktur-vedtak, må strykast.

---

**LUFSS - Landslaget for nærmiljøskolen**

Org.nr. 881 203 812

Rådgjevar Torodd Fagerheim 6963 Dale i Sunnfjord

Telefon : 99 45 89 09

[torodd.fagerheim@lufs.no](mailto:torodd.fagerheim@lufs.no)

**LUFS er beden om å gje ei fagleg vurdering av struktursaka slik ho no står. Vi har gått gjennom sakspapira og andre relevante dokument.**

- I brev til Fitjar kommune 14.09.2108 peika vi mellom anna på
  - kor viktig det er å skilje mellom ein skulebruksplan og ein skulestrukturplan.
  - derfor skal dei handsamast etter to heilt ulike regelverk.
- Administrasjonen retta ikkje på det. Ein handsamar framleis desse to dokumenta i ei røre - i strid med regelverket.
  - Kommunestyret utsette å godkjenne "skulebruksplanen"
  - Likevel forskotterer rådmannen i sitt budsjettokument, ein plan som ikkje er vedteken - med skulenedlegging som konsekvens
- LUFS peikte òg på at Fitjar manglar samfunnsdelen av kommuneplanen. Då saknar kommunen heimel for strukturendring i sine egne plandokument.
- Her ligg kanskje forklaringa på kvifor Fitjar held fram med å bryte regelverket. Mangelen på gode og langsiktige prosessar skjemmer forvaltninga.
  - Det syner seg ofte i stadig skiftande framlegg - som anten ikkje er forsvarleg utgreidde eller vert endra etter høyring - utan ny høyringsrunde.
  - Ein vil til dømes no vedta omfattande strukturendringar i 2018 - men handsame ny samfunnsdel fyrst i 2019.

For å nemne noko.

## **BAKGRUNN**

Å endre skulestrukturen, er noko av det mest dramatiske ein kommune kan gjere mot innbyggjarane sine. Uansett utfall, har vedtaka vidtrekkjande konsekvensar for born, foreldre, familie elles - og lokalsamfunn.

Kommunen fremjar ei sak som vil kunne gje omfattande endringar i

- born og foreldre sitt daglege liv og arbeid
- skiple grunnlaget for familiane sine langsiktige livs-planar og voner
- påføre dei private låneopptak i millionklassen for å byggje og bu – eventuelt flytte

Dette er bakgrunnen for at Stortinget har gjeve eit nasjonalt regelverk for korleis slike skulesaker skal handsamast.

### **Ynskjer kommunen å endre skulestrukturen, må dei**

- ❖ skaffe seg heimel i sin eigen kommuneplan. Då gjeld dei lovpålagde, fire-årige prosessane knytt til Plan- og bygningslova, med tilhøyrande regelverk.
- ❖ deretter må kommunen fylgje dei særreigne prosedyrane for skulenedlegging, knytt til Opplæringslova §8-1. Då gjeld mellom anna rundskriv U-dir 2-2012 og regelverket om Kommunal forskrift.

LUFS ynskjer ikkje no å uttale seg nemneverdig om sjølve innhaldet i skulesaka. Det vil vere å medverke i lovstridige prosessar. Vi ser ikkje bort frå at saka kan ende som klagesak, der prosedyrespørsmål då kan bli avgjerande.

**I dette brevet kommenterer vi berre framgangsmåten administrasjonen nyttar:**

Kommunen blandar saman to ulike saksfelt som må haldast nøye frå kvarandre, fordi dei har sine særeigne prosedyrar, gjevne i lover og regelverk.

- Arbeid med kommunen sitt Årsbudsjett og Økonomiplan.
- Prosedyren fram mot ei eventuell endring av kommunen sin skulestruktur.

## **A. OM BUDSJETT-ARBEIDET**

LUFS legg til grunn at

- Kommunen sitt Årsbudsjett er bindande - jf. Kommunelova §§ 46 og 47.
- Målet for alle kommunale prosessar blir då i hovudsak definert og låst.

**Kommunestyret kan derfor ikkje endre budsjettet slik at det berre er att driftsmidlar til ein ny, men enno ikkje lovleg vedteken skulestruktur :**

- a. Kommunen har ein vedteken skulestruktur.
- b. Administrasjon og folkevalde organ pliktar då å skaffe driftsmidlar til denne skulestrukturen - inntil kommunestyret på lovleg vis har vedteke noko anna.
- c. Derfor kan ein ikkje ta bort driftsmidlane for ein skule. Det bind i sofall kommunen til ein skulestruktur dei enno ikkje har lovlege vedtak for.
- d. Kommunestyret kan berre ta bort midlar som ev. kan sparast på lovleg vis ved skulane i noverande skulestruktur.

**Fitjar kommune må derfor skilje spørsmålet om å leggje ned skular eller delar av skular, frå handsaminga av Årsbudsjett og Økonomiplan.**

Ein får eventuelt reise struktursaka seinare – men i tråd med gjeldande regelverk. Då fyrst høver det å kommentere sjølve saks-innhaldet nærare.

## **B. OM ENDRING AV SKULESTRUKTUREN**

LUFS legg til grunn at endring av skulestruktur (krinsgrenser/opptaksområde) skal handsamast som einskildsaker - då etter regelverket knytt til Opplæringslova §8-1, Forvaltingslova §37 om Kommunal forskrift, jf. rundskriv Udir-2-2012. Justisdepartementet har laga rettleiaren "Forskriftsarbeid for kommuner".

Det inneber

- full konsekvensutgreiing (pedagogisk, samfunnsmessig og økonomisk)
- deretter høyringsrunde - minimum 2 månader
- handsaming i kommunestyret

**Fyrst når ein slik prosess er ferdig – og eit eventuelt vedtak om nedlegging er fatta – har Fitjar kommune lovleg grunnlag for å ta tiltaket inn i handlingsprogrammet sitt - og å fjerne driftsmidlane frå budsjett/økonomiplan.**

Kommunen kan heller ikkje ha andre føringar (t.d. i tekst-delen av budsjettet) om strukturendringar – og so handsame forskrifta etterpå.

Ein forskriftsprosedyre i ettertid, vil vere klårt i strid med Forvaltingslova si ånd og bokstav. Dermed også brot på dei uskrivne reglane om god forvaltningsskikk. Administrasjonen leier då dei folkevalde til på førehand å binde seg til eit visst utfall av saka.

### **For rekkjefylgja er avgjerande.**

Sjølv poenget med fyrst å måtte gjennomføre ein forskriftsprosedyre, er at kommunen på ein open og demokratisk måte då må klårleggje og vekte alle dei moment som kan tale for og imot ei strukturendring.

- Prosessen skal tryggje at alle som forskrifta rører ved, vert høyrde på eit forsvarleg grunnlag og innanfor rimelege fristar.
- Ikkje minst skal lova slik sikre at dei folkevalde kan fatte gjennomtenkte og føreseielege avgjerder i særleg viktige saker - utan på førehand å vere bunde av eigne, vedtekne føringar.

Norsk lovverk tilseier at prinsippet om "Barnets beste" då skal leggjast til grunn for all utgreiing, vurdering og sakshandsaming.

- Kommunen må kunne dokumentere at ei nedlegging er til beste for borna som vert råka av tiltaket.
- Vi vil streke under at dersom alle elevar i kommunen skal få opplæring i tråd med Opplæringslova og Kunnskapsløftet, må skulen liggje i borna sitt eige nærmiljø.
- Ein levande nærmiljø-skule er òg viktig for trivnad og framtidig busetting.

### **KONKLUSJON:**

► **LUFS viser til det som er sagt ovanfor. Vi ber med dette Fitjar kommune om ikkje å handsame denne struktursaka vidare som del av budsjett-arbeidet.**

- **det strir mot gjeldande regelverk og god forvaltningsskikk**
- **lovpålagde prosedyrar er ikkje fylgde**
- **utgreiing og sakshandsaming tilfredsstillar ikkje forsvarleg-kravet i lova**

► **Ein reknar med at dei folkevalde ynskjer å handsame skulesaka etter gjeldande regelverk. Det har mykje å seie at innbyggjarane kan ha full tillit til den kommunale forvaltinga i so viktige saker.**

Vi ber om at svar på dette brevet vert sendt elektronisk til underskrivne rådgjevar i LUFS.

Med helsing

Live Herheim  
- leiar -

Torodd Fagerheim  
- rådgjevar -

[torodd.fagerheim@lufs.no](mailto:torodd.fagerheim@lufs.no)

Vedlegg

Kopi til:     *Medlemene av Fitjar kommunestyre*  
                  *FAU ved skulane i Fitjar*  
                  *Fylkesmannen i Hordaland*  
                  *Foreldreutvalet for grunnsopplæringa (FUG)*  
                  *Barneombodet*

FAU Selevik  
Nestleiar Holger Peitisch

Fiskanesvegen 29  
5410 Sagvåg

Tlf: 41850367  
E-post: [fau.selevik@gmail.com](mailto:fau.selevik@gmail.com)

Til

**Landslaget for nærmiljøskulen (LUFS)**  
v/ rådgjevar Torodd Fagerheim

**6963 DALE I SUNNFJORD**


[torodd.fagerheim@lufs.no](mailto:torodd.fagerheim@lufs.no)

10.09.2018

## **FULLMAKT**

FAU Selevik er medlem av LUFS.

Vi gjev med dette Torodd Fagerheim, rådgjevar i LUFS, fullmakt til å følge opp saka om endring av skulestrukturen i Fitjar kommune på våre vegne.

**Holger Peitisch**  Digitally signed by Holger Peitisch  
DN: cn=Holger Peitisch,  
ou=Normal  
Date: 2018.09.11 14:49:23  
+02'00'

Holger Peitisch

nestleiar i FAU Selevik

FAU ved Øvrebygda skule  
nestleiar Mette Haldorsen

5419  
Fitjar

Tlf: 97 51 89 13  
E-post: mettoh@hotmail.com

Til

**Landslaget for nærmiljøskulen (LUFS)**  
v/ rådgjevar Torodd Fagerheim

**6963 DALE I SUNNFJORD**

[torodd.fagerheim@lufs.no](mailto:torodd.fagerheim@lufs.no)

14.09.2018

### **FULLMAKT**

FAU ved Øvrebygda skule er medlem av LUFS.

Vi gjev med dette Torodd Fagerheim, rådgjevar i LUFS, fullmakt til å følgje opp saka om endring av skulestrukturen i Fitjar kommune på våre vegne.

Mette Haldorsen  
  
nestleiar i FAU ved Øvrebygda skule

Dåfjorden velforening  
leiar Ole Andre Westerheim

c/o Ole Andre Westerheim  
Fiskanesvegen 1  
5410 Sagvåg

Epost: westerheim@hotmail.no  
telefon: 97427648

Til

Landslaget for nærmiljøskulen (LUFS)  
rådgiver Torodd Fagerheim

6963 DALE I SUNNFJORD

[torodd.fagerheim@lufs.no](mailto:torodd.fagerheim@lufs.no)

Dåfjorden 09.09.2018

#### **FULLMAKT**

Dåfjorden velforening er medlem av LUFS.

Me gir med dette Torodd Fagerheim, rådgivar i LUFS, fullmakt til å følge opp saka om endring av skulestrukturen i Fitjar kommune på våre vegne.



Ole Andre Westerheim  
Leiar Dåfjorden velforening



Øvrebygda vel

Nestleiar Hildegunn Strand

5419

Fitjar

Tlf: 95 03 60 93

E-post: [hildegunn.strand@haugnett.no](mailto:hildegunn.strand@haugnett.no)

Til

Landslaget for nærmiljøskulen (LUFS)

v/ rådgjevar Torodd Fagerheim

6963 DALE I SUNNFJORD

[torodd.fagerheim@lufs.no](mailto:torodd.fagerheim@lufs.no)

14.09.2018

FULLMAKT

Øvrebygda vel er medlem av LUFS.

Vi gjev med dette Torodd Fagerheim, rådgjevar i LUFS, fullmakt til å følgje opp saka om endring av skulestrukturen i Fitjar kommune på våre vegne.



Hildegunn Strand

nestleiar Øvrebygda vel